



Triveleg møte mellom lærar, mor og elev over geografiboka under open skule: Kari Svindt (lærar), Henrik Dahle (5. klasse) og Ellen Myhre (mor). (Foto: Ola Matti Mathisen).

- Her er det visst ingen disiplinære problem. Ein merkar jo nesten ikkje at det er ungar, så stilt og roleg som alt går føre seg!

Denne replikken frå Arne Terje Haugland kan stå som ein konklusjon på bygdefolket sitt møte med skulen i tre timar fredag. Det var ikkje akkurat nokon invasjon, men jevnt godt besøk då dørene vart opna. Og dei uskedelingane som kom, fekk eit svært godt inntrykk av skulen. "Open skule" var eit tiltak midt i blinken, som gjerne bør bli årleg. Ikkje minst for den eldre generasjon var dette ei aha-oppleving.

Familien Myklebust frå Musland mønstra imponerende nok tre generasjonar då dørene opna. Då uskedalen.no etterpå ba dei om å samanlikna med den skulen dei gjekk på i si tid var konklusjonen denne:

Sverre: - Det var mykje strengare på gamle Haugland skule oppe i dalen. Der hendte det at læraren ga oss ein lusing med lekseboka viss vi ikkje var snille. Men så var det også eit heilt anna forhold mellom lærarar og elevar den gongen, no er tona langt meir kameratsleg.

Sigmund og Britt Torill: - Det vi er blitt mest overraska og imponert over er kor mange lærarar det er i kvar klasse. Men samtidig er det klart at elevane jobbar langt meir sjølvstendig enn tidlegare.

I 4. klasse var uskedalen.no fluge på veggjen nesten ein heil engelsktime og observerte ikkje eit einaste brot på klassereglane: Ro i timen, rekke opp handa når du vil sei noko, vere snille mot kvarandre, lytte til dei vaksne, halde orden på pulten.

Alt gjekk smidig og greitt føre seg. Vi har berre ein merknad, men den gjeld eit heilt anna problem: Det var ein vindfull dag og vi merka blåsten tvers gjennom både dette klasserommet og andre rom. No er det på høg tid at det blir teke eit krafttak for å rusta opp skulen skikkeleg!

Det var ikkje gjort nokon spesielle førebuingar framfor opendagen, poenget var at alt skulle gå føre seg som på ein normal skuledag. Det gjorde det da også og det gjekk ikkje ut over undervisninga at det var andre til stades. Korkje elevar eller lærarar tok nokon spesiell notis av det, bortsett frå å vera eit hyggeleg og blidt vertskap.

Eit koseleg unntak frå det normale fann ein på kjøkenet, der femteklassa serverte lefser, lappar, bollar, tomatsuppe med uskebrød og drikke – alt for ein femkrøning! Og så var sjølvsagt elevbedrifta (sjuande klasse) til stades og selde det kjende og roste produkt uskebrød for 25 kroner. Fredagsproduksjonen på 18 brød gjekk unna i ein fei. Det gjer den også til vanleg, men denne gongen hadde dei ikkje teke imot bestillingar på førehand.

Av Ola Matti Mathisen



Solveig Bu (fjerde klasse) let seg ikke forstyrre av "observatørene" i bakgrunnen. (Foto: Ola Matti Mathisen).



Salet av god mat gjekk strykande i kjøkenet. Det var femte klasse som hadde ansvaret der. (Foto: Ola Matti Mathisen)



Blide fjerdeklassingar etter engelsktimen: Anita Miljeteig, Bente Halvorsen og Tone Helen Moen. (Foto: Ola Matti Mathisen).



Familien Myklebust mønstra tre generasjonar under open dag på skulen. (Foto: Ola Matti Mathisen)